



# Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

Sted:  
Tønsberg

Vår ref. (oppgi ved svar):  
2023/9764

Dato:  
14. november 2023

Dykkar ref.:  
Oddbjørn Sunde

Sunde Renovasjon og Gjenvinning AS  
Vaskebergvegen 21  
3802 Bø i Telemark

Sakshandsamar:  
Elisabeth Hammerli

## Inspeksjonsrapport

### Inspeksjon ved Sunde Renovasjon og Gjenvinning AS, Grivimoen

Kontrollnummer: 2023.106.I.SFVT

#### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:  
Kjell Gøran Nilsen

Frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark:  
Elisabeth Hammerli

Andre deltagere fra virksomheten:  
Annette Sunde

Andre deltagere fra Statsforvaltaren i  
Vestfold og Telemark:  
Marte Bruu Tanum

#### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Sunde Renovasjon og Gjenvinning AS, den 28.09.2023. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark avdekkja 6 avvik og ga 1 merknad under inspeksjonen.

#### Avvik:

- Verksemda har ikkje lagra kasserte køyretøy tilfredsstillande
- Verksemda hadde manglar ved handtering av farleg avfall
- Verksemda hadde manglar ved internkontroll knytt til ytre miljø
- Verksemda hadde manglar ved dokumentasjon knytt til oljeutskiljaren.
- Verksemda hadde manglar ved handtering av fluorholdige klimagassar (f-gass).
- Verksemda hadde ikkje gjennomført støykartlegging

#### Merknader:

Verksemda kan forbetra sin dokumentasjon på dimensjonering av oljeutskiljaren. Avvik og merknader er nærmare omtalte frå side 4 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærmare omtalt på side 3 og 4.

**Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift**

---

14. november 2023	Elisabeth Hammerli	Siv Hege Wang Grøvo
dato	kontrollør	fagsjef
		Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

---

## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

<b>Navn:</b> Sunde Renovasjon og Gjenvinning AS	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 966405074	<b>Eigd av:</b>
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 38.320 Sortering og bearbeiding av avfall for materialgjenvinning	

### Kontrollert eining

<b>Navn:</b> Sunde Renovasjon og Gjenvinning AS	<b>Anleggsnr.:</b> 3817.0031.01
<b>Kommune:</b> Midt-Telemark	<b>Fylke:</b> Vestfold og Telemark
<b>Anleggsaktivitet:</b> Avfall - mottak, mellomlagring og sortering	
<b>Løye gitt:</b> 3. september 2019	<b>Sist endra:</b> 28. oktober 2022

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova og produktkontrollova, vert overhaldne. Inspeksjonen inngår i Statsforvaltaren sin aksjon for behandlingsanlegg for kasserte køyretøy, og det er denne delen av verksemda til Sunde Renovasjon og Gjenvinning AS som blei kontrollert.

Tilsynet ble gjennomført i medhald av forureiningslova § 48 og produktkontollova § 8.

### Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Utslepp til vatn
- Avfall
- Kjemikalier

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekket under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

### Definisjonar

**Avvik:** Manglante etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsint å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

### Oppfølging etter inspeksjon

Sunde Renovasjon og Gjenvinning AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at

Sunde Renovasjon og Gjenvinning AS innan 14. februar 2024 sender ei skriftleg utgreiing som synar korleis avvik er retta kva tiltak som er gjennomførde eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post ([sfvtpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvtpost@statsforvalteren.no)) til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark v/Elisabeth Hammerli.

### **3. Vedtak om gebyr**

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 28. september 2023. Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebrysatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Sunde Renovasjon og Gjenvinning AS betale eit gebyr på kr 22 500,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebrysats 3 for tilsyn av inntil en dags varighet. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

#### **Klagerett**

De kan klage på gebrysatsen **innan tre veker** etter at de har mottatt melding om vedtak. Ein eventuell klage skal angi kva det vert klaga over og den eller dei endringar som ønskast.

Klagen bør grunngjevast, og andre opplysningar av betydning for saka bør skildrast.

Ei eventuell klage skal sendast Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Dersom vi ikkje gjer medhald i klaga, vil vi sende den til Miljødirektoratet for endeleg avgjersle.

Klage på gebrysats gir ikkje iverksetting av vedtaket. De må derfor betale gebyret, og dersom klagen blir gjett medhald, vil for mykje innbetalt beløpet bli refundert.

### **4. Innsyn**

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark (jf. offentleglova).

### **5. Avvik**

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

#### **Avvik 1**

Verksemda har ikkje lagra kasserte køyretøy tilfredsstillande.

#### **Avvik frå:**

Avfallsforskrifta kap. 4, vedlegg 1., pkt. 1, Tekniske minimumskrav til behandlingsanlegg for kasserte kjøretøy, jf. § 4-7.

Løyve pkt. 9.6

**Kommentarar:****Ikkje miljøsanerte køyretøy:**

I samsvar med avfallsforskrifta kap. 4, vedlegg 1, pkt. 1, skal alle kasserte køyretøy før behandling lagrast på områder med fast, ugjennomtrengeleg dekke med oppsamlingsløysing eller avrenning til sandfang og oljeutskiljar.

Verksemda har i sitt løyve pkt. 9.6, krav til at alle kasserte køyretøy før og under miljøsanering skal lagrast på fast, ugjennomtrengeleg dekke med oppsamling av avrenning, eventuelt avrenning til kommunalt nett via sandfang og oljeutskiljar.

Køyretøy med påvist lekkasje eller risiko for dette skal sanerast direkte, eller lagrast på fast, ugjennomtrengeleg dekke under tak i påvente av miljøsanering.

Verksemda har lagra usanerte køyretøy på grusdekke.

Det blei opplyst om at kasserte køyretøy blir miljøsanert straks dei kjem inn, og at det ikkje var nokre usanerte køyretøy på området under tilsynet.

**Miljøsanerte køyretøy:**

I pkt. 9.6 i løyvet til verksemda er det stilt krav til at ferdig miljøsanerte køyretøy som ikkje representerer nokon fare for forureining, skal lagrast på fast (asfalterr) dekke med avrenning til kommunalt nett via sandfang.

Verksemda har lagra ferdig miljøsanerte køyretøy på grusdekke. Det sto mange miljøsanerte bilar på grusdekke under tilsynet.

Det er eit nytt bygg under oppføring på tomta, og det er i følgje verksemda planar om å lage større areal med fast dekke.

**Avvik 2**

Verksemda hadde manglar ved handtering av farleg avfall.

**Avvik frå:**

Avfallsforskrifta § 11-5. *Forsvarlig oppbevaring mv. av farlig avfall*, § 11-8. *Leveringsplikt* og § 11-12. *Virksomhetenes deklarasjonsplikt om avfallets innhald*.

Løyve pkt. 9.2

**Kommentarar:**

I avfallsforskrifta § 11-5 er det satt krav til at farleg avfall ikkje skal blandast saman med anna type avfall, og at ulike typar farleg avfall ikkje skal blandast saman dersom det kan føre til fare for forureining, eller skape problem for den vidare handteringen av avfallet.

Dersom det i løpet av eitt år oppstår meir enn ein kilo farleg avfall i ei verksemd, skal alt farleg avfall leverast til godkjent mottak kvart år, jf. avfallsforskrifta § 11-8.

Alt farleg avfall som vert levert til godkjent mottak skal deklarerast på verksemda, jf. avfallsforskrifta § 11-12. Verksemder skal ha skriftleg dokumentasjon på kor det farlege avfallet er levert. Dokumentasjonen skal oppbevarast i minst 3 år.

Sunde Renovasjon og Gjenvinning AS har løyve til både mottak, omlasting og mellomlagring av næringsavfall, omlasting av hushaldningsavfall, og miljøsanering av kasserte køyretøy. Lagring og handtering av farleg avfall skal skje innandørs og på tett dekke med oppsamling av eventuell avrenning, jf. løyve pkt. 9.2.

- På nordsida av bygningane på området hadde verksemda lagra farleg avfall i form av mellom anna 8-9 IBC'ar med spillole, fleire fat med brukte sprayboksar, og fleire fat med bruk skjereolje frå andre verksemder. Alt dette sto ute på grusdekke utan tak over eller moglegheit for oppsamling under.  
Vi fekk informasjon om at dette avfallet ikkje kjem frå verksemda si behandling av kasserte køyretøy, men er ein del av verksemda sin drift knytt til mottak av farleg avfall.
- Ute ved sida av betongdekket der miljøsanering vert gjennomført sto to fulle fat med farleg avfall, som ikkje var merka med innhald. Ein tilsett flytta desse to fata innandørs under tilsynet. Han meinte det var brukt frostvæske på fata.
- Farleg avfall er deklarert både på Bø Bilco AS og Sunde Renovasjon og Gjenvinning AS. Det er Sunde Renovasjon og Gjenvinning AS som har løyve til behandling av kasserte køyretøy, og alt farleg avfall frå denne aktiviteten må deklarerast på Sunde Renovasjon og Gjenvinning AS.  
Verksemda opplyser at alt farleg avfall ikkje alltid vert deklarert på rett verksemde fordi avfall vert samla inn frå fleire verksemder samstundes, og ikkje vert deklarert kvar for seg. Verksemda skal ha oversikt og kontroll med at alt farleg avfall blir levert til godkjent mottak og deklarert på riktig organisasjon, og ha dokumentasjon på det.

### **Avvik 3**

Verksemda hadde manglar ved internkontroll knytt til ytre miljø

#### **Avvik frå:**

Internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd pkt. 6 og 7

#### **Kommentarar:**

Internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd pkt. 6 stiller krav om at verksemder skal kartlegge farar og problem og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhøyrande planer og tiltak for å redusere risikoforholda. Dette må dokumenterast skriftleg.

Internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd pkt. 7 stiller krav om at verksemda skal iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og forebygge brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleikslovgivinga. Dette skal dokumenterast skriftleg, og rutinar skal vere tilpassa verksemda sin art, aktivitetar og storleik mv., jf. internkontrollforskrifta § 5, 1. ledd.

#### **Miljørisikovurdering**

Verksemda kunne ikkje dokumentere at dei har gjennomført miljørisikovurderingar.

Etter tilsynet har verksemda sendt inn skjema for miljørisikovurdering og kriterium for vurdering av konsekvens og sannsyn, samt akseptkriterier. Skjema er ikkje fylt ut, og ingen dokumentasjon på miljørisikovurderingar er sendt inn.

## Prosedyre for miljøsanering

Verksemda har ettersendt prosedyre for miljøsanering av kasserte køyretøy. Prosedyren har dobbel nummerering og verkar å vere utarbeidd som ein generell prosedyre for ulike anlegg for kasserte køyretøy. Prosedyren kan med fordel tilpassast den aktuelle verksemda betre.

Verksemda har ei sjekkliste kor dei kryssar av delar som vert teke ut av køyretøy ved miljøsanering.

## Andre internkontrollrutinar

Verksemda hadde ikkje skriftlege rutinar for:

- a) Handtering av farleg avfall
  - b) Drift, vedlikehald og prøvetaking av oljeutskiljar
  - c) Avvikshandsaming
- 
- a) Ein rutine for handtering av farleg avfall må minst liste opp alle fraksjonar av farleg avfall som oppstår i verksemda, og korleis dette skal handterast, inkludert sortering, merking, lagring, levering og deklarering på rett organisasjonsnummer. Rutinen må også inkludere handtering av farleg avfall som vert mottatt/ henta inn frå andre verksemder.
  - b) Ein skriftleg rutine for drift og vedlikehald av oljeutskiljar må minst skildre kontroll, service, prøvetaking, tömming, levering og deklarering.
  - c) Verksemda har ikkje dokumentert at dei har ein skriftleg rutine som skildrar kva dei tilsette skal rapportere som avvik, kven som skal handsame avvik, setje i gang tiltak og lukke avvik.

Etter tilsynet har verksemda sendt inn to avviksskjema. Eitt som er datert 19.01.2016 og eitt anna som er datert 2021. Verksemda skal ha dokumentstyring av skriftlege rutinar og skjema, slik at dei tilsette brukar siste og gjeldande utgåve av internkontrollen.

## **Avvik 4**

Verksemda hadde manglar ved dokumentasjon knytt til oljeutskiljaren.

### **Avvik frå:**

Løyve pkt. 3.1 og 3.2

### **Kommentarar:**

I løyvet pkt. 3.1 er det stilt krav til at oljeinnhaldet i ufortynna avlaupsvatn etter reinseinnretning ikkje skal overstige 20 mg/l THC.

Pkt. 3.2 i løyvet stiller krav til at verksemda pliktar å ha best mogleg drift av eigne reinseinstallasjonar. Dette omfattar og kontroll med at reinseinstallasjonar har tilstrekkeleg kapasitet til å handsame dei faktiske belastningar, og at det vert nytta optimale driftsvilkår.

Verksemda opplyser at oljeutskiljaren vert tömt kvart år, men kunne ikkje legge fram dokumentasjon på kor ofte oljeutskiljaren vert tömt og kontrollert.

Etter tilsynet har verksemda ettersendt ein tömme- og tilstandsrapport frå 2018 og ein tömme- og kontrollrapport frå 2022.

Verksemda kunne ikkje dokumentere at det vert tatt prøvar av avlaupsvatnet frå oljeutskiljaren, eller vise fram analyseresultat.

## **Avvik 5**

Verksemda hadde manglar ved handtering av fluorholdige klimagassar (f-gass).

### **Avvik frå:**

Produktforskrifta § 6a-1, jf. forordning (EU) nr. 517/2014 artikkel 8 nr. 3 tredje ledd.

### **Kommentarar:**

Personell som utfører service på f-gass i personbilar og varebilar under 3,5 tonn, skal ha opplæringsbevis. Beviset skal vere i samsvar med artikkel 10 nr. 2 i f-gassforordninga.

Verksemda har utstyr for tapping og lagring av f-gass, og gjennomfører dette sjølve utan å ha opplæringsbevis for det. Det vert opplyst at verksemda ikkje har fått inn så mange køyretøy med f-gass, og at dei nett har skaffa utstyr for tapping av slik gass.

Verksemda har ikkje levert f-gass som farleg avfall, og kan ikkje dokumentere kor f-gass eventuelt er levert eller kva den er brukt til.

Dersom f-gass vert sold vidare skal det berre seljast til verksemrd som har tilsette med opplæringsbevis. Dette skal dokumenterast.

## **Avvik 6**

Verksemda mangla støykartlegging

### **Avvik frå:**

Løyve pkt. 7 og pkt. 14.1

### **Kommentarar:**

I løyve til verksemrd pkt. 7 er det satt støygrenser for til verksemda. Det er og stilt krav til at verksemda skal utarbeide to støysonekart, og desse skal sendast kommunen og forureiningsmynda innan 01.10.2020. Statsforvaltaren har ikkje motteke dette, og verksemda opplyser om at det ikkje er utarbeida.

## **6. Merknader**

Vi ga følgjande merknader under inspeksjonen:

### **Merknad 1**

Verksemda kan forbetra sin dokumentasjon på dimensjonering av oljeutskiljaren.

### **Kommentarar:**

Oljehaldig avlaupsvatn skal før utslepp passere sandfang eller liknande reinseinnretning dimensjonert for maksimal reell vatnbelasting, jf. forureiningsforskrifta § 15-7.

I løyvet pkt. 3.2 er det stilt krav til at verksemda skal ha kontroll med at reinseinstallasjonar har tilstrekkeleg kapasitet til å behandle dei faktiske belastningar.

Etter tilsynet har verksemda sendt inn produktark for oljeutskiljarar frå VPI kor det er kryssa av for ein type oljeutskiljar.

Verksemda har ikkje sendt dokumentasjon på kva som ligg til grunn for val av denne oljeutskiljaren, eller vist til korleis dimensjonering er berekna, som til dømes talet og dimensjonen på vatnuttak og/ eller nedbør for området.

## 7. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolloven) §§ 3 og 3a
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren

Framlagd dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

- Protokoll for miljøsanering av kjøretøy

Dokument som vart ettersendt:

- Produktark over oljeutskiljarar frå VPI
- Tømme- og tilstandsrapport for oljeutskiljarar frå 2018
- Tømme- og kontrollrapport for oljeutskiljarar frå 2022
- Skjema for miljørisikovurderingar inkludert akseptkriterium
- Deklarasjonsskjema for slam frå oljeutskiljarar frå 2022
- Prosedyre for miljøsanering av kasserte kjøretøy
- Driftsprotkoll for miljøsanering av campingvogner- og biler
- Prosedyre for mottak og miljøsanering av campingvogner og -biler
- Avviksskjema datert 2021
- Skjema for avviksrapport – SRG AS sist endret 19.01.16
- Skjema for risikovurdering frå Stamina (ikkje utfylt)
- Skjema for ledelsens gjennomgang - Miljøfyrtårn
- Kriterier for vurdering av konsekvens og sannsynlighet ytre miljø inkludert akseptkriterier

## 8. Informasjon til verksemda

Brosjyrar/infoark vart utdelte:

- Drift av oljeutskillere (M30)
- Gebyr ved kontroll (M297)